


Vedleggsgruppe C

vedlegg 9-14



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for opplæring**

Møtedato: 26.09.2017

Sak nr.: 16/8145-25
Internt I.nr. 36177/17

Sak: 26/17

Tittel: **Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2022**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Hovudutval for opplæring sender utkast til mål og strategiar på høyring til :

- Fagopplæringsnemnda
- Ungdomspolitisk utval
- Elevorganisasjonen
- Arbeidstakarorganisasjonane
- NHO
- LO
- KS
- Opplæringskontora
- Dei vidaregåande skulane
- PPT

2. Frist for å sende inn høyringssvar er **18.oktober 2017**.

Endringsframlegg:

Hovudutval for opplæring kom med følgjande endringsframlegg:

Punkt 1: Utkast til mål og strategiar vert i tillegg sendt Høgskulen på Vestlandet og Elev- og lærlingombodet til høyring.

Punkt 2: Fristen for å sende inn høyringssvar er 25. oktober 2017.

Kulepunkt 7 under Kvalitetsmål i utkast til mål og strategiar vert endra slik:

- «Minst 87% av dei som byrja i vidaregåande opplæring har gjennomført opplæringa.»

Avrøyting:

Samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hovudutval for opplæring sender utkast til mål og strategiar på høyring til :

- Fagopplæringsnemnda
- Ungdomspolitisk utval
- Elevorganisasjonen
- Arbeidstakarorganisasjonane
- NHO
- LO
- KS
- Opplæringskontora
- Dei vidaregåande skulane
- PPT
- Høgskulen på Vestlandet
- Elev- og lærlingombodet

2. Frist for å sende inn høyringssvar er **25. oktober 2017**.

3. Kulepunkt 7 under Kvalitetsmål i utkast til mål og strategiar vert endra slik:

- «Minst 87% av dei som byrja i vidaregåande opplæring har gjennomført opplæringa.»



Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/8145-24

Høyring - Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for opplæring sender utkast til mål og strategiar på høyring til :

- Fagopplæringsnemnda
- Ungdomspolitisk utval
- Elevorganisasjonen
- Arbeidstakarorganisasjonane
- NHO
- LO
- KS
- Opplæringskontora
- Dei vidaregåande skulane
- PPT

2. Frist for å sende inn høyringssvar er **18.oktober 2017.**

Vedlegg:

1. Utkast *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2018-2021*

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

Hovudutval for opplæring vedtok i møte 26.10.2016, sak 31/16, oppstart av arbeid med nytt mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Dokumentet skal erstatte gjeldande mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring, God-betre-best!

Mål- og strategidokumentet skal:

- tydeleggjere opplæringa sitt ansvar for danning og utvikling av elevane sin heilskaplege kompetanse.
- ligge til grunn for skulane og bedriftene sitt møte med elevar og lærlingar.
- gi rammer for samarbeid mellom skulane, mellom skule og bedrift og synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.
- samordne det politiske og administrative arbeidet om felles mål og strategiar og vere overordna alt utviklingsarbeid i sektoren.
- vere grunnlag for planlegging, gjennomføring og vidareutvikling.
- ha ein styrande og forpliktande funksjon og kunne speglast innover, utover, nedover og oppover i sektoren.
- vere aktuelt i notid.

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet i elevgruppa og samtidig gi eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida. Elevane og lærlingane sine behov og interesser skal ivaretakast, og det skal leggast vekt på at opplæringa er relevant for elevane og lærlingane si aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste elevane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring å sende utkast til nye mål og strategiar for vidaregåande opplæring, 2018-2021, ut på høyring. Høyringa blir sendt til følgjande høyringsinstansar:

- Fagopplæringsnemnd
- Ungdomspolitisk utval
- Elevorganisasjonen
- Arbeidstakarorganisasjonane
- NHO
- LO
- KS
- Opplæringskontora
- Dei vidaregåande skulane
- PPT

Frist for å sende inn høyringssvar er **18. oktober 2017**.

Hovudutval for opplæring ber høyringsinstansane gi sine vurderingar av utkastet til overordna mål, kvalitetsmål og strategiar.

Mot nye høgder

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som overordna mål:

- Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og vaksne i Sogn og Fjordane.
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket.
- Opplæringa er heilsakleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.

Dei overordna måla er heimla i:


- formålsparagrafen (opplæringslova §1.1) som formulerer verdiane som opplæringa skal realisere. Paragrafen har utviklinga til den enkelte elev som mål, og klargjer samtidig allmenne verdiar som samfunnet vårt bygger på. Saman med læreplanverket inneheld formålsparagrafen dei breie og samansette måla for elevane si utvikling gjennom skuleløpet.
- opplæringslova som regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, sokjarane sine ønske og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar (§13-3).
- opplæringslova, §1-3 og §13-3, opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (§1-3 og §13-3).
- opplæringslova § 13-10 som seier at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system som sikrar at lova sine pålegg og at elevane sine rettar blir følgd og innfridd. Skulane og lærebedriftene skal i følgje forskrifter til opplæringslova § 2-1:

«...jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigar har ansvaret for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadane».

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet i elevgruppa og samtidig gi eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida. Elevane sitt behov og interesser skal ivaretakast og det skal leggast vekt på at opplæringa er relevant for elevane si aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Mål- og strategidokumentet skal gi rammer for samarbeid mellom skulane og mellom skule og bedrift, og synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

Mål og strategiarbeidet har trivsel, meistring og gjennomføring som utgangspunkt, og illustrasjonen nedanfor viser ei organisering som fremjar god kvalitet frå strategiar til kvalitetsmål og overordna mål; mot nye høgder.



Hovudområda leiing, fag- og yrkesopplæring og undervisning, er grunnlaget som skal gi rammer, retning og verdigrunnlag for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane.


Ein viktig del av arbeidsprosessen med mål- og strategidokumentet var å klarlegge kvar vi er i dag, kva utfordringar vi står over for og kva vi kan gjere for å nå nye høgder. Dette arbeidet viste at dei største utfordringane innanfor dei tre hovudområda er:

Leiing	-spenningsforholdet mellom drift- og pedagogiske utviklingsoppgåver
Fag- yrkesopplæring	-styrke det 4-årlige
Undervisning	- variasjon i opplæringsmetodar og elev- og lærlingmedverknad

Forsking og erfaring viser at å rette innsatsen mot få langsigchte mål, klåre strategiar og kontinuerleg oppfølging, er det beste utgangspunktet for å lukkast med utvikling. Vidare gir få mål gode mogleger til å vere **tett på** utfordringane i læringsarbeidet.

Mot nye høgder

Strategiar	Kvalitetsmål	Overordna mål
Leiing		
Bruker utviklingsarbeid til å setje tydeleg retning for skulen.	<ul style="list-style-type: none"> Alle elevar og lærlingar blir sett. Elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldning og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar skal medverke til eit læringssmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring 	
Trivsel		
Tar aktivt i bruk og leie nettverk, kollektive/lærande prosessar og erfaringsdeling som gjennomgåande arbeidsmetode.	<ul style="list-style-type: none"> Elevar og lærlingar får ei opplæring der kvar einskild elev og lærling blir motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement. Elevar og lærlingar opplever ein tydleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering Elevar og lærlingar får støtte og oppmuntring til å meistre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot vidaregåande oppleiring. 	
Meistring		
Gjennomføring		<p>Fag- og yrkesopplæring Styrke samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og læringen sitt opplæringsstøp.</p> <ul style="list-style-type: none"> 87 % av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år.



Sakshandsamar:

Kent Rune T. Måren

E-post: kenth.rune.maren@sfj.no

Tlf.: 41530971

Vår ref.

Sak nr.: 16/8145-23

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.

34716/17

Dykkar ref.

Notat

Dato

LEIKANGER, 18.09.2017

Til: Styringsgruppa for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021, Arbeidsdokument 7

Innleiing

I arbeidsdokument 7 gjer fylkesdirektøren framlegg om justeringar i framdriftsplanen for mål og strategiarbeidet, framlegg om høyringsinstansar, framlegg til overordna mål og framlegg til kvalitetsmål. Måla vert summert i eit framtidsbilete for å vise ynskja tilstand for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane i 2021.

Gjennom heile dokumentet er det nytta nemningane elev om alle som får opplæring i skule (også vaksne), og lærling om alle som får opplæring i bedrift (også lærekandidatar).

Høyringsinstansar og justert framdriftsplan

For å trygge sektoren si involvering i prosessen, vil fylkesdirektøren for opplæring sende nye mål og strategiar for vidaregåande opplæring, 2018-2021, ut på høyring. Høyringa er avgrensa til den fylkeskommunale verksamda knytt til vidaregåande opplæring, og fylkesdirektøren vurderer difor tre veker som tilstrekkeleg tid til å gje høyringsinnspele.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om følgjande høyringsinstansar.

- Fagopplæringsnemnd
- Ungdomspolitisk utval
- Elevorganisasjonen
- Arbeidstakarorganisasjonane
- NHO
- LO
- KS
- Opplæringskontora
- Dei vidaregåande skulane
- PPT

Høyringa gjer at framdriftsplanen må justerast, og at sak om mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2018-2021, først handsamast i Fylkestinget 5. desember 2017.

Framdriftsplan

Dato	Møte	Innhald
26.09. 2017	Styringsgruppa	<p>Arbeidsdokument 7</p> <ul style="list-style-type: none"> - Justert framdrift - Høyningsinstansar - Overordna mål og kvalitetsmål <p>Godkjenne høyningsutkast til <i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021</i></p> <p>Framlegg til sak om å sende utkastet <i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021</i>, ut på høyring.</p>
26.09. 2017	Hovudutval for opplæring	<p>Handsame sak om å sende utkastet <i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021</i>, ut på høyring.</p>
26.09.2017	Høyningsinstansar.	<p>Høyningsutkast:</p> <p><i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fagopplæringsnemnd - Ungdomspolitisk utval - Elevorganisasjonen - Arbeidstakarorganisasjonane - NHO - LO - KS - Opplæringskontora - Dei vidaregåande skulane - PPT
21.11.2017	Hovudutval for opplæring	<p>Handsame sak om <i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021</i></p>
05.12.2017	Fylkesting	<p>Handsame sak om <i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021</i></p>

Overordna mål og kvalitetsmål

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal ha ein styrande og forpliktande funksjon. Det strategiske arbeidet skal speglast innover, utover, nedover og oppover i sektoren. Sidan 2001 har Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjennom eit systematisk og målretta strategiarbeid, samordna det politiske og administrative arbeidet om felles mål og strategiar. Mål og strategiar har danna bakgrunn for eit handlingsprogram og har vore overordna alt utviklingsarbeid i sektoren. Handlingsprogram for 2018-2019 skal handsamast av hovudutval for opplæring i februar 2018.

Fylkesdirektøren meiner det er viktig å ha ei felles forståing for dei ulike nivåa i mål- og strategiarbeidet, og definerer dei ulike slik:

Overordna mål

Er det ønska sluttresultat.

Kvalitetsmål

Er mål kvalitet skal vurderast, utviklast og sikrast på (*resultatkvaliteten*).

Sogn og Fjordane fylkeskommune innførte i 2004 balansert målstyring for mellom anna å sikre god kopling mellom strategiske planar, budsjett/ressursar og operative mål. Sektoren sitt målekart er styrings- og rapporteringssystemet som kontinuerleg vurderer, utviklar og sikrar kvalitetsmåla .


Strategiar

Er framgangsmåtar som blir valt for å nå målet. Desse kan vere retta mot ulike mål avhengig av kvar ein meiner «skoen trykkjer».

Handling/tiltak

Er konkretisering av framgangsmåten. Handlingsprogrammet inneholder tiltak for å nå strategiane og skal rullerast av hovudutval for opplæring. Handlingsprogrammet er gjeldane for to år om gongen.

Skisse på dei ulike målnivåa i planen



Fylkesdirektøren sine vurderingar til overordna mål og kvalitetsmål

Skulen og lærebedrifta sin kjerneaktivitet er å fremje læring og danning. Opplæringa skal stimulere motivasjon, lærerlyst og meistring, og gi kvar einskild elev og lærling maksimal fagleg-, sosial- og personleg utvikling. Dette krev at alle som arbeider med vidaregåande opplæring, har eleven og lærlingen sitt beste som grunnsyn.

Sogn og Fjordane har høg trivsel og gjennomføring, gode eksamensresultat og lågt fråvær. I arbeidsdokument 6 konkluderte styringsgruppa med at dette er ein effekt av eit langsigttig, målretta og systematisk arbeid. Vidare understreka styringsgruppa at det er viktig at måla og strategiane i God - betre – best!, framleis **skal** arbeidast med, sjølv om dei ikkje vert omtala som eigne mål eller strategiar i *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021*. Dei såg det derfor som naturleg å vidareføre dei allereie operasjonaliserte hovudmåla. Fylkesdirektøren for opplæring følgjer opp dette, og meiner hovudmåla set aktuelle vilkår, samtidig som dei gir rom for nye strategiar.

På bakgrunn av konklusjonane frå styringsgruppa gjer fylkesdirektøren framlegg om å vidareføre dei overordna måla frå God - betre – best!:

- Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdomen og vaksne i Sogn og Fjordane.
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket.

- Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.

Arbeidsdokument 6 peika på kriteriesett for leiing, fag- og yrkesopplæring og undervisning, aktuell no-situasjon og status frå God - betre – best! som sentrale premissar for utarbeidning av eit framtidsbilete. Dokumentet konkluderer med:

«Framtidsbiletet, mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021, skal identifisere og utvikle nokre få utfordrande kvalitetsmål som tek oss mot nye høgder, og syter for at elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har den beste opplæringa i landet!»

Mål og strategiarbeidet har trivsel, meistring og gjennomføring som utgangspunkt og skal organiserast slik at vi har høg kvalitet frå strategi til overordna mål. Fylkesdirektøren vurderer trivsel, meistring og gjennomføring til å reflektere hovudmåla sine vilkår og samtidig gje grunnlag for å utvikle kvalitetsmål og strategiar som kan vurdere, utvikle og sikre opplæringa.

Framtidsbilete

Framtidsbilete		
Kvalitetsmål		Overordna mål
Trivsel	Meistring	Gjennomføring
<ul style="list-style-type: none"> • Alle elevar og lærlingar blir sett. • Elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg. • Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring • Elevar og lærlingar får ei opplæring der kvar einskild elev og lærling blir motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement. • Elevar og lærlingar opplever ein tydleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering. • Elevar og lærlingar får støtte og oppmuntring til å meistre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot. • Vidareføre målet om at tal elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring, aukar med minimum 2 prosentpoeng årleg. 		<ul style="list-style-type: none"> • Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet. • Vidaregående opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdommen og vaksne i Sogn og Fjordane. • Vidaregående opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket. • Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.

Vedlegg:

1. Utkast til mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2018 – 2021
2. Saksframstilling til høyring av utkast *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2018 – 2021*

Status for mål og strategidokumentet, God - betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2017

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som mål:

- Elevar og lærlingar skal ha det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdomen i Sogn og Fjordane.
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle i høve kompetanseheving, næringssutvikling og lokal samfunnssutvikling i fylket.
- Opplæringa er heilsakapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.

Ønskt situasjon for vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane innan 2017:

- Lærarane og instruktørane har høg fagleg og pedagogisk kompetanse.
- Alle elevar og lærlingar møter ei opplæring dei kan meistre og vekse på.
- Alle elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunniskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg.
- Alle elevar og lærlingar oppnår ein dokumentert og etterspurd kompetanse.
- I perioden 2012-2015 har talet elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring auka med 2 prosentpoeng årleg

3.2 Kvalitet på opplæringa fellessatsingar i bedrift og skule

3.2.1: Karriererettleiing og gjennomføring

Færre ungdomar som verken deltek i opplæring eller ei arbeid.

	Status 2017	Vurdering av vegen vidare
Gjennomført satsing	Gjennomført	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Eitt felles data og statistikkgrunnlag for å vurdere måloppnåing.	Etablert nasjonalt og lokalt	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Systematisk samarbeid mellom kommunar og fylkestommune om oppfølging av elevar med svake faglege prestasjonar og føresetnader for å gjennomføre vidaregåande opplæring.	Etablert	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Pågåande forsking		Må vurderast når forsking er klar
Etablert samarbeid med kommunane		Målset er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.

3.2.2: Vurdering	Status	Vurdering av vegen vidare
Ein lærings- og vurderingskultur med læring som mål.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Lærarar og instruktørar har høg vurderingskompetanse.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Undervegsvurderinga har læring og utvikling som mål gjennom at elevane og lærlingane forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Elevane og lærlingane får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Elevane og lærlingane får råd om korleis dei kan betre arbeidet eller faglege prestasjoner.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Elevane og lærlingane er involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
3.2.3: Pedagogisk–psykologisk teneste	Status	Vurdering av vegen vidare
Pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn og Fjordane har høg kvalitet på tenestene sine, både på individ- og systemnivå.	Delvis gjennomført satsing	Målet ikkje nådd – må vurdere vidare arbeid
Pedagogisk-psykologisk teneste har kompetanse og kapasitet som samsvarar med brukarane sine behov.	Gjennomført satsing	Målet ikkje nådd – må vurdere vidare arbeid
Pedagogisk-psykologisk teneste er organisert på ein måte som sikrar brukarane høg kvalitet og nærliek til tenestene	Ikke gjennomført	Målet ikkje nådd – må vurdere vidare arbeid
3.2.4: Skuleigarrolla	Status	Vurdering av vegen vidare
Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein aktiv og synleg skuleeggar, med eit breitt kunnskapsgrunnlag for styringa av vidaregående opplæring.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareførre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Fylkesrådmannen har kompetanse, kapasitet og evne til å utvikle vidaregåande opplæring.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareførre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Skuleleiinga har kompetanse som sikrar at vedteken politikk vert realisert.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareførre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
3.2.5: Danning	Status	
Alle elevar og lærlingar utviklar etisk, sosial og kulturell kompetanse, identitet og tryggleik i eigen kultur, og demokratiforståing og deltaking	Gjennomført satsing	Kjerneoppgåver vert vidareført i arbeidet med nye mål og strategiar
Alle elevar og lærlingar har reell medverknad og kan gjere medvitne verdival.	Gjennomført satsing	Kjerneoppgåver vert vidareført i arbeidet med nye mål og strategiar

3.3: Kvalitet på opplæringa i skule — satsingar

		Vurdering av vegen vidare	
Delmål 3.3.1: Klassleieing	Status	Delmål 3.3.2: Digital satsing	Status
Lærarane utøver god leiring av læringssarbeidet og evnar å gje elevane ansvaret for å utforme og etterleve reglar	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
3.3.2: Digital satsing			
Elevvar, skuleleiarar, lærarar og skulebibliotekarar er digitalt kompetente.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
IKT er ein naturleg og integrert del av opplæringa.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Det er etablert ein læringsskultur der digitale verktøy og læringressursar er med å auke læringsutbyttet.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Dei digitale skilja i skulen er reduserte.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Skulane er prega av ein delingskultur.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
3.3.3: Samfunnssrolla			
I samarbeid med lokalsamfunnet og gjennom internasjonalisering, utviklar den vidaregåande opplæringa dyktige og samfunnsengasjerte ungdommar. Dei skal vere i stand å leve eit godt liv i eit fleirkulturelt samfunn og ei globalisert verd.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane kvalifiserer ungdom og vaksne for produktiv og nyskapande innsats i arbeidslivet. Yrkessopplæringa legg særleg vekt på å stimulere dei til å gå inn i lokalt næringssliv.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
I alle utdanningsprogram opplever elevere at lokalsamfunnet er ein læringsarena i tillegg til klasserom og verkstad. Alle elevar i yrkesfaglege program får ein del av opplæringa si gjennom bedrifter som opplæringsarena.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må vurderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Alle elevar har eit godt grunnlag for val av yrke eller vidare utdanning. Dette skjer gjennom erfaring frå arbeidsliv, god rådgjeving og karriererettleiing.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
Ungdom blir stimulert til ein sunt og helsefremjande livsstil. Det vert lagt til rette for ein best mogleg kombinasjon mellom utdanning, sunt kosthald og auka fysisk aktivitet.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
Dei vidaregåande skulane bidreg til lokalsamfunnsutviklinga i Sogn og Fjordane.	Delvis gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	

Dei vidaregåande skulane er kompetansesenter i kommunane/regionen der dei ligg.	Delvis gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Det er god rolleavklaring mellom skule og arbeidsliv når det gjeld oppgåver og ansvar i samband med fagopplæringa. Det er rasjonell sambruk av lokale og utstyr mellom skule, arbeidsliv og lokalsamfunn elles.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Gjennom samarbeid med arbeidslivet vert ungdom stimulert til å gå inn i lokale yrke. Fagnettverk med deltaking frå skule og bedrift fungerer godt.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
Det er giensidig utstyr- og kompetanseutveksling mellom skule og arbeidsliv. Kvar av dei vidaregåande skulane har funne sitt område for kompetansetilbod til samfunnet rundt.	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.
3.3.4: Rekruttering og stabilisering	Status	Vurdering av vegen vidare
Styrka omdøme av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Fylkeskommunen framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Lærarane og leiarane er motiverte og har høg fagleg og pedagogisk kompetanse.	Gjennomført satsing	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
3.3.5: Bibliotektensta	Status	Vurdering av vegen vidare
Skulebiblioteket har opne kvar dag.	Ikkje gjennomført satsing i samsvar med FU-sak 18/15	Målet er ikkje nådd. Utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Skulebiblioteket er ein sentral læringsarena på skulen, integrert i læraren sitt pedagogiske arbeid	Ikkje gjennomført satsing i samsvar med FU-sak 18/15	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Skulebiblioteket er ei kunnskapskjelde, ein møteplass og eit senter for kunnskap og kreativitet i opplæringa	Ikkje gjennomført satsing i samsvar med FU-sak 18/15	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Skulebiblioteket er ein viktig bidragsytar til informasjonskompetanse hjå elevar og lærarar	Ikkje gjennomført satsing i samsvar med FU-sak 18/15	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument
Alle skulebibliotekarane er digitalt kompetente	Gjennomført satsing	Målet er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar

3.4 Kvalitet på opplæringa i bedrift — satsinger

3.4.1: Innhalldet i opplæringa

Læringer møter ei opplæring som er tilpassa den enkelte og som både gjev utfordringar og kjensle av meistring

Faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmer har høg kompetanse

Kvaliteten på opplæringa vert sikra gjennom gode system for rapportering og oppfølging

3.4.2: Dimensjonering av opplæringstilbodet

Opplæringstilbodet støttar opp om næringsopplæringar og den ynskte samfunnsutviklinga i Sogn og Fjordane

Vi tilbyr ei opplæring som er i samsvar med arbeids- og næringslivets sine behov for faglært arbeidskraft

Arbeids- og næringsliv er aktive medspelarar i prosessen kring dimensjonering av opplæringstilbodet

4. Organisering

4.1: Opplæringstilbodet

Det vidaregåande opplæringstilbodet er organisert slik at elevar og lærlingar:

- Får ei opplæring med høg kvalitet
- Får tilbod om alle utdanningsprogram og eitt breitt spekter av programfag i eige fylke
- I storst mogleg grad får oppfyllt sine ynskje om opplæringstilbod

Det vidaregåande opplæringstilbodet samsvarar i storst mogleg grad med samfunnet sitt behov for kompetanse på ulike nivå

Det er lagt langsiktige planar for opplæringstilbodet for å fremje stabilitet og ein føreseieleg situasjon for tilsette, elevar og lokalsamfunnet.

Vidaregåande opplæring er organisert på ein måte som fremjar robuste einingar og fagmiljø, slik at ein kan møte endringar i rammer og føresettadar utan å måtte endre

		Status	Vurdering av vegen vidare
3.4.1: Innhalldet i opplæringa	Gjennomført satsing	Målset er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmer har høg kompetanse	Gjennomført satsing	Målset er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Kvaliteten på opplæringa vert sikra gjennom gode system for rapportering og oppfølging	Gjennomført satsing	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
3.4.2: Dimensjonering av opplæringstilbodet	Gjennomført satsing	Vurdering av vegen vidare	
Opplæringstilbodet støttar opp om næringsopplæringar og den ynskete samfunnsutviklinga i Sogn og Fjordane	Gjennomført satsing	Målset er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Vi tilbyr ei opplæring som er i samsvar med arbeids- og næringslivets sine behov for faglært arbeidskraft	Gjennomført satsing	Målset er delvis nådd – vidareføre arbeidet. Må verderast i arbeidet med nye mål- og strategiar.	
Arbeids- og næringsliv er aktive medspelarar i prosessen kring dimensjonering av opplæringstilbodet	Gjennomført satsing	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
4. Organisering		Vurdering av vegen vidare	
4.1: Opplæringstilbodet	Status	Vurdering av vegen vidare	
Det vidaregående opplæringstilbodet er organisert slik at elevar og lærlingar:	Gjennomført satsing (skulebruksplan)	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
<ul style="list-style-type: none"> • Får ei opplæring med høg kvalitet • Får tilbod om alle utdanningsprogram og eitt breitt spekter av programfag i eige fylke • I storst mogleg grad får oppfyllt sine ynskje om opplæringstilbod 			
Det vidaregående opplæringstilbodet samsvarar i storst mogleg grad med samfunnet sitt behov for kompetanse på ulike nivå	Gjennomført satsing (skulebruksplan)	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
Det er lagt langsiktige planar for opplæringstilbodet for å fremje stabilitet og ein føreseieleg situasjon for tilsette, elevar og lokalsamfunnet.	Gjennomført satsing (skulebruksplan)	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	
Vidaregåande opplæring er organisert på ein måte som fremjar robuste einingar og fagmiljø, slik at ein kan møte endringar i rammer og føresettadar utan å måtte endre	Gjennomført satsing	Målset er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument	

strukturar i opplæringstilbodet. Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein tek omsyn til endra økonomiske	(skulebruksplan)	
Ein skal nytte samarbeid mellom skular, læarkrefter og bruk av den beste teknologi for fjernundervisning for å gje eit breiast mogeleg tilbod til elevane. Dei fleste elevar kan bu heime medan dei tek vidaregåande opplæring, og dei som må bu på hybel vert følgd godt opp.	Gjennomført satsing (skulebruksplan)	Målet er nådd – vidareføre arbeidet utan eigne mål i nytt mål- og strategidokument



Notat

Arbeidsdokument 6

Dato
LEIKANGER, 10.07.2017

Til: Styringsgruppa

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring


Premissar for utarbeidning av mål og strategiar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021.

I arbeidet med nye mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane har styringsgruppa handsama kriteriesett for kjerneområda leiing, fag og yrkesopplæring og undervisning, arbeidsdokument 2, 4 og 5. Desse kriteriesetta vil saman med status for noverande mål og strategidokument, **God - betre – best!**, og aktuell «no-situasjon¹» vere sentrale premissar for utarbeidning av eit framtidsbilete for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Framtidsbiletet vert presentert i arbeidsdokument 7 og omfattar *mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021*.

¹ «no-situasjon» inneholder endringar i tilbodstrukturen, fagfornying, resultat elev og lærlingundersøking, ekstern skulevurdering og UngData undersøkinga

Oppsummering av arbeidsdokument 1-5

Kriteriesetta er tufta på forskings- og erfaringsbasert kunnskap.



Status for God - betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2015.

Noverande mål og strategidokument, **God - betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2015**, hadde desse hovudmåla for den vidaregåande opplæringa:

- Elevar og lærlingar skal ha det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdomen i Sogn og Fjordane
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle i høve kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket
- Opplæringa er heilsakapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring

For å nå hovudmåla for vidaregåande opplæring er følgjande satsingsområde prioriterte i planperioden:

Fellessatsingar for opplæring i skule og bedrift:

- Gjennomføring/Ny GIV
- Vurdering
- Skuleeigarrolla
- Danning

Satsingar for opplæring i skule:

- Digital satsing
- Klasseleiing
- Samfunnsrolla
- Rekruttering og stabilisering
- Bibliotektenesta

Satsingar for opplæring i bedrift:

- Kvalitet
- Rett dimensjonering på opplæringstilbodet

For å identifisere måloppnåing vart det utarbeidd indikatorar (delmål) for kvart satsingsområde. Desse indikatorane har fylkesdirektøren brukt for å gjere opp status for satsingsområda i **God – betre – best!**, sjå vedlegg 1. Utfallet vert brukt i arbeidet med nye mål og strategiar for 2018 – 2021.

Aktuell «no-situasjon»

Endringar i tilbodstrukturen og fagfornying og funn frå elev- og lærlingundersøking, ekstern skulevurdering og UngData er sentral informasjon å ta med inn i utarbeiding av nye mål og strategiar.

- **Fagfornying og tilbodsstruktur**

Samfunnsutviklinga fører med seg nye krav og forventningar til kva elevane skal lære, og det er derfor naudsynt med endringar i både læreplanar og tilbodsstruktur. Som eit ledd i dette arbeidet har departementet utvikla ny generell del og alle dei gjennomgåande faga i grunnopplæringa skal fornyast. Fagfornyinga er meint å gi faga relevant innhald og progresjon i opplæringsløpet slik at elevane får betre læring og forståing.

Tilbodsstrukturen har høyringsfrist 04.09.2017 og inneholder blant anna forslag til nedlegging, flytting, oppsplitting, samanslåing og namneendring av eksisterande utdanningsprogram og programområde, i tillegg til endring av opplæringsmodellar.

- **Elev- og lærlingundersøkinga og ekstern skulevurdering**

Både elev- og lærlingundersøkinga viser at vi har eit utviklingspotensiale i høve vurdering og å la elevane og lærlingane i større grad medverke i eige læringsarbeid, blant anna i høve til å kunne variere metodikken. I tillegg har tilbakemeldingane frå ekstern skulevurdering vore at elevane opplever undervisninga som lite variert. Det treng ikkje tyde at kvar einskild lærar ikkje varierer, men metodane dei varierer med er dei same.

- **UngData**

Ungdata blir gjennomført ved at skuleelevar over heile landet svarer på eit elektronisk spørjeskjema som omfattar ulike sider ved livssituasjonen deira. Undersøkinga viser at både jenter og gutter trivst på skulen, men nærmare halvparten kjedar seg. Trivsel relaterer til å ha venner og å vere sosial i skulekvardagen, medan det å kjede seg relaterer til undervisninga og faga.

I tillegg viser undersøkinga at over dobbelt så mange jenter som gutter kjenner seg utslitne og stressa over skulearbeid, noko som samsvarar med nasjonale resultatata (2016) viser i tillegg at stadig fleire jenter manglar nære venner. Dette, i tillegg til auke i psykiske helseplagar, er viktig å ha merksemd på.

Konklusjon

Kriteriesetta for leiing, fag- og yrkesopplæring og undervisning, status for **God-betre-best!** og aktuell no-situasjon legg premissar for utarbeidning av nye mål- og strategiar, eit framtidsbilete, for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021.

Sogn og Fjordane har høg trivsel og gjennomføring, gode eksamensresultat og lågt fråvær. Fylkesdirektøren meiner dette er ein effekt av eit langsiktig, målretta og systematisk arbeid. Difor vil

arbeidet med mål og strategiar i God - betre – best!, 2012 – 2017, vidareførast sjølv om dei ikkje er mål i **mål og strategiar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021.**

Framtidsbiletet, mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021, skal identifisere og utvikle nokre få utfordrande innsatsområde som tek oss mot nye høgder, og syter for at elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har den beste opplæringa i landet!



Notat

Arbeidsdokument 5

Dato

LEIKANGER, 04.07.2017

Styringsgruppa

Til:**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021

Bakgrunn

I møtet 10.05 hadde styringsgruppa kriteriesett for kjerneområdet fag- og yrkesopplæring opp til vurdering. Styringsgruppa fann kriteriesettet for smalt og ynskte eit større perspektiv på fag- og yrkesopplæringa og at ein har tilsvarende kjenneteikn som i opplæringa i skule.

Fylkesdirektøren har omarbeidd arbeidsdokument 3 i samsvar med styringsgruppa sine innspel og legg fram revidert kriteriesett for kjerneområdet fag- og yrkesopplæringa.

Framlegg til kriterium for kjerneområdet fag- og yrkesopplæringa

Oppdraget for opplæringa er todelt. Elevar og lærlingar skal ha eit læringsutbytte i samsvar med opplæringslov og læreplanar. I tillegg skal dei ha ei opplæring som gir ein kompetanse som kvalifiserer for arbeid og aktiv deltaking i samfunnet. I stortingsmelding nr. 19 (2009-2010:6) *Tid til læring* vert dei overordna måla for grunnopplæringa presiserte slik:

Regjeringens overordnede mål for grunnopplæringen er at alle elever skal gå ut av grunnskolen med grunnleggende ferdigheter, kunnskaper og holdninger som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv. Alle elever og læringer som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller arbeidslivet.

For å løyse oppdraget for opplæringa må det vere eit tett samarbeid med samfunnet rundt. Elevar og lærlingar skal ha innsyn i, og bli førebudd til aktivt å ta del i; arbeidsliv, kulturliv og politikk. Gode fagarbeidrarar er ein føresetnad for eit berekraftig og velfungerande samfunns- og arbeidsliv.

Fag- og yrkesopplæringa sine kjerneoppgåver

Fag- og yrkesopplæringa leiar fram til fagprøve i helse-, handels- og industrifaga og sveineprøve i handverksfaga, eller anna fagkompetanse. Hovudmodellen byggjer på eit fireåring opplæringsløp; to år i skule og to år i bedrift.

Fylkeskommunen har ansvar for fag- og yrkesopplæringa, men opplæringa skjer som ein hovudregel i samarbeid med arbeids- og næringsliv. Fylkeskommunen er såleis ikkje åleine om å legge premissane for kvaliteten på opplæringa. For å ivareta lærlingen sine rettar til å fullføre opplæringa har utdanningsmyndighetene, arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane fornya samfunnskontrakten. Mellom anna er det no ei tydelegare ansvarsfordeling mellom partane for å sikre og utvikle kvaliteten på fag- og yrkesopplæringa.

Samfunnskontakten har som mål at alle kvalifiserte søkerar skal få læreplass. Innsatsområda i samfunnskontrakten er:

- Det skal etablerast lokale nettverk for å skaffe fleire lærepassar
- Det skal rekrutterast fleire lærebodrifter for å skaffe fleire lærepassar

Erfaringar og utfordringar i Sogn og Fjordane

I 2011 starta om lag halvparten av ungdomskullet i Sogn og Fjordane på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. 5 år seinare hadde 66 prosent fullført og bestått opplæringa si (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Sjølv om Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet på å utdanne fagarbeidrar, er tilbakemeldingane frå næringslivet at dei treng endå fleire i nokre fag.

Utdannings- og yrkesrettleiinga har som mål å gje ungdom god karriererettleiing, slik at vala så langt som råd samsvarar med mogelegeheitene for arbeid. Det er ei utfordring å imøtekomme både elevane sine ynskje og signal frå arbeidslivet om framtidige behov for arbeidskraft. Prognosane om behov for arbeidskraft er usikre, og situasjonen kan ha endra seg i løpet av dei fire til fem åra det tek å utdanne ein fagarbeidar.

Arbeidet med å motivere fleire ungdommar til å velje fag- og yrkesopplæring startar i grunnskulen. Arbeidslivsfag, valfag og utdanningsval i grunnskulen skal gje elevar som ynskjer det, moglekeit til å arbeide praktisk og prøve ut interessene sine innanfor ei yrkesfagleg opplæring (stortingsmelding nr 22, 2010-2011). Desse faga skal medverke til at elevane får eit godt grunnlag til å reflektere over ulike alternativ. Sandal (2014) seier at ein i enda større grad kan nytte desse faga til å vise elevane varierte lærings- og arbeidsmåtar som rettar seg inn mot ei yrkesfagleg utdanning. Ho seier vidare at det er behov for å vidareutvikle samarbeidet mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring, og mellom skule og arbeidsliv.

I vidaregåande opplæring har faget *yrkesfagleg fordjuping* (YFF) som føremål å:

(...) gi elevene mulighet til å prøve ut ett eller flere aktuelle lærefag slik at de kan få et godt grunnlag for å velge lærefag. De skal få erfaring med innhold, oppgaver og arbeidsmåter som karakteriserer yrkene utdanningsprogrammet kvalifiserer dem for, og få mulighet til å fordype seg i kompetansemål fra læreplanene på Vg3-nivå. Elevene skal få mulighet til å oppleve realistiske arbeidssituasjoner gjennom bruk av ulike læringsarenaer.

Yrkesfaglig fordypning skal bidra til å introdusere elevene for arbeidslivet, og gi regionalt og lokalt arbeidsliv mulighet til å definere innholdet i opplæringen i tråd med lokale kompetansebehov basert på læreplaner for aktuelle fag.

Berre 50 prosent av lærlingane seier at YFF-faget medverkar til at dei skaffar seg lærepass. Dette viser at YFF-faget, til liks med arbeidslivsfag, valfag og utdanningsval, i større grad kan medverke til å introdusere elevane for arbeidslivet og lette overgangen mellom skule og bedrift. Ressursen *arbeidslivskontakt* i vidaregåande opplæring skal mellom anna styrke yrkesrettleiinga i heile grunnopplæringa, auke kapasiteten for samhandling og tilføre vidaregåande opplæring kunnskap om arbeids- og næringsliv i nærområdet rundt skulane.

I Sogn og Fjordane er det i hovudsak 2+2-modellen med ordinære fag- og timefordeling som vert nytta, sjølv om det i dei seinare åra har vore ei rekke tilpassingar i lov- og avtaleverk. Det nye lovverket opnar for at opplæringa kan gje elev og lærer stor fleksibilitet i vegen fram mot fag-/sveinebrev. Elevane bør få kjennskap til dei ulike utdanningsvegane mot fagarbeidar tidleg i ungdomsskulen.

Samfunnskontrakten seier at alle kvalifiserte søkerar skal få tilbod om lærepass, noko som er ei utfordring både nasjonalt og lokalt. Utfordringa kan vere at elevar gjer andre val enn lære, ikkje er kvalifiserte, ikkje får lærepass der dei ønskjer eller i det faget dei ønskjer. Fylkesdirektøren har klare føringar for at dei vidaregåande skulane skal ta større ansvar i høve formidlingsprosessen og overgangen frå skule til opplæring i bedrift. Nokre gonger kan det vere enkelt å finne fram til dei beste løysingane, medan det andre gonger kan vere behov å prøve ut og vurdere ulike løysningar før eit endeleg val.

Ei velfungerande fag- og yrkesopplæring er avhengig av fagleg sterke og dedikerte lærarar og instruktørar. Det krev inngående fagkunnskap og ein må være oppdatert på læreplanar og kompetansemål. Dessutan krev det pedagogiske og menneskelege evner å rettleie andre mot eit mål. I FAFO rapport (2017) om yrkesfaglærarane sin kompetanse seier elevane at i tillegg til fagkompetanse, er det evna til å formidle faget og eit godt forhold til elevane som er viktigast. Vidare seier elevane at dei likar betre programfaga enn fellesfaga.

Kriterium

Fylkesdirektøren gjer framlegg om kriterium for fag- og yrkesopplæringa og grunngjer desse med erfaringsbasert kunnskap og forsking. Samtidig vil vi drøfte dei i lys av kvalitetsperspektiva, prosess, struktur og resultat, omtala i arbeidsdokument 1.

Fylkesdirektøren har framlegg om at følgjande kriterium vert lagt til grunn for utvikling av mål og strategiar for kjerneområde fag- og yrkesopplæring.

Fag- og yrkesopplæringa skal:

- sette eleven og lærlingen i stand til å nå ein sluttkompetanse
- styrke samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i heile opplæringsløpet
- ha kvalifiserte og trygge yrkesfaglærarar, fellesfaglærarar, faglege leiatar og instruktørar

Fag- og yrkesopplæringa skal sette eleven og lærlingen i stand til å nå ein sluttkompetanse og må ha klare mål for å styrke det fireårige opplæringsløpet. Eit av innsatsområda i samfunnkontakten er bygging av, og arbeid med, lokale nettverk for å skaffa fleire læreplassar.

Skulen har ei sentral rolle for å styrke samarbeidet mellom skulane, næringsliv og opplæringskontor og byggje vidare på allereie etablerte samarbeid lokalt og regionalt. For å oppnå gode resultat i lokale nettverk er forankring på leiarnivå viktig. Felles mål og strukturar, kunnskap om og ferdigheter til å etablere og følgje opp nettverksarbeidet er system- og prosesskvalitetar som gir resultat. Bedriftene er ein sentral aktør for at lærlingen skal kunne nå ein sluttkompetanse.

Mål for opplæringa og kjenneteikn på grad av måloppnåing er viktig for at lærlingen skal kunne vurdere eige læringsarbeid. Dette er viktige verktøy når fagleg leiar og instruktør skal gi tilbakemeldingar som motiver lærlingen, aukar lærelyst og gir læringsutbytte.

God strukturkvalitet i skule og bedrift er avgjerande for at alle elevar når ein sluttkometanse. Til dette arbeidet kan ein i større grad nytte handlingsrommet og fleksibiliteten som er moglege innanfor lov- og forskrift.

I dette arbeidet er ein avhengig av mange aktørar som har både kunnskap, ferdigheter og haldningar til å samhandle. Skulen har eit særskilt ansvar for at **samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i heile opplæringsløpet** vert styrka. Erfaringar viser at aktørane sine haldningar, saman med tverrfagleg kunnskap og god informasjon, er nøkkelen til å gje elev og lærling den beste opplæringa.

Ei heilskapleg opplæring av høg kvalitet krev god system- og prosesskvalitet både frå eit system- og individperspektiv.

I møte med utdanningssystemet sin struktur kan behovet for utforsking og utprøving av eigne interesser, identitet og sosiale relasjoner skape spenningar og utfordre både elevane og utdanningssystemet» (Sandal 2014).

Det er såleis viktig å ha **kvalifiserte og trygge yrkesfaglærarar, fellesfaglærarar, faglege leiatar og instruktørar** som gir god fagleg rettleiing i utviklinga av fagkompetanse. God og tilstrekkeleg undervegsvurdering og halvårssamtalar gir eit godt grunnlag for å utvikle eleven og lærlingen sin kompetanse.


Eit godt læringsmiljø for den einskilde er avgjerande for læringsutbytte. Det vil derfor vera viktig at alle blir tekne godt vare på og integrert i skule- og arbeidsmiljø, og at lærarar og instruktørar har syn for det «heile menneske» og er støttespelarar både fagleg og sosialt. Dette krev kompetanse i menneskelege relasjoner.

Framlegg til kriteriesett

Fylkesdirektøren har med utgangspunkt i erfarings - og forskingsbasert kompetanse, vist ovanfor, framlegg om eit kriteriesett som krev både struktur og gode prosessar.

Fag- og yrkesopplæringa skal:

- sette eleven og lærlingen i stand til å nå ein sluttkompetanse
- styrke samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i heile opplæringsløpet
- ha kvalifiserte yrkesfaglærarar, fellesfaglærarar, faglege leiarar og instruktørar



Notat

Arbeidsdokument 4

Til: Styringsgruppa

Frå: Fylkesdirektøren si arbeidsgruppe

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021

I møtet 10.05 hadde styringsgruppa kriteriesett for kjerneområdet fag- og yrkesopplæring opp til vurdering. Gruppa fann kriteriesettet for smalt og ynskte at fag- og yrkesopplæringa, i tillegg til gjennomføring, skal satse på å nå eit breiare og meir aktivt samarbeid både mot grunnskulen og næringslivet. Fylkesdirektøren vil utarbeide nytt kriteriesett for fag- og yrkesopplæringa til møte 31. august.

I dette arbeidsdokumentet gjer arbeidsgruppa framlegg til kriteriesett for kjerneområdet undervisning/opplæring.

Framlegg til kriteriesett for hovudområde undervisning/opplæriong

Bakgrunn

Skulen og lærebedrifta sin kjerneaktivitet er å fremje læring, og den grunnleggande hensikta med opplæringa er å sikre at alle elevar og lærlingar har eit læringsutbytte som er så stort som mogleg ut frå føresetnadane (Dufour & Marzano, 2011). Opplæringa har eit breitt dannings- og kvalifiseringsoppdrag som skal utvikle eleven og lærlingen sin kompetanse i høve faglege kunnskapar og ferdigheiter, sosial og emosjonell læring og utvikling, haldningar, verdiar og etiske vurderingar (føremålsparagrafen, Opplæringsloven §1-1). Eit slikt oppdrag set høge krav til undervisningspraksis og læringsarbeid.

Ei god opplæring set eleven og lærlingen i sentrum, stimulerer til aktiv deltaking og medverkar til at elevar og lærlingar utviklar forståing for eigne læringsprosessar. Læring skjer i eit fellesskap der eleven og lærlingen møter gode og støttande vaksne med høge forventningar, relevante tilbakemeldingar og utfordringar tilpassa kvar einskild sin faglege utvikling (Ludvigsen utvalet, 2014).

Pedagogane¹ har alltid medverka til læring, danning og sosial utvikling hjå barn og unge, og krava til dei har vore, og er, mange. Allereie på 1800-talet skreiv den tyske pedagogen Adolph Diesterweg at læraren måtte ha god helse, stor kraft, vere skarpsindig, begeistra, intelligent, førebudd, kunnskapsrik, ha stor visdom og mykje kjærleik. Dagens forventningar til pedagogane blir formulert innanfor eit samfunn i rask endring, og skulen skal kunne møte utfordringar som globalisering, kulturelt mangfald, teknologi, miljøutfordringar og sosial ulikskap (Dahl, Thomas m.fl. Kunnskapsdepartementet, 2016).

Trass i endra krav og samfunnsforhold er det ei kjerne i læringsarbeidet; relasjonen til dei som skal lære. Hattie (2012) hevdar at det er læraren og læraren sin interaksjon med elevane og lærlingane som har sterkest effekt på læringa deira. Relasjonen til dei lærande og engasjementet for det faglege er det som kjenneteiknar godt lærararbeidet (Dahl, Thomas m.fl. Kunnskapsdepartementet, 2016). Kompetansen elevane og lærlingane skal nå i arbeid med fag, er avhengig av at dei utviklar både kunnskapar, ferdigheter og haldningar. Dei skal vere budde på å meistre ulike faglege utfordringar både individuelt og i samspel med andre. I høyringsutkastet til *Overordnet del – verdier og prinsipper* står det at «*Skolen skal legge til rette for læring for alle elever, stimulere den enkeltes motivasjon og lærelyst, og ivareta deres tro på egen mestring*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15).

Ei fornying av læreplanverket

Det har gått ti år sidan innføringa av Kunnskapsløftet, og samfunnet har, og vil, endre seg. Dette gjer at opplæringa si rolle for arbeids- og samfunnsliv krev ei jamleg vurdering og tilpassing, slik at innhaldet i læreplanane gir eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida.

Melding til Stortinget 28 (Meld.St.28) *Fag – Fordyping – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* legg opp til å fornye innhaldet i grunnopplæringa innanfor rammene av Kunnskapsløftet for at det i heilskap skal gi tydelegare retning for arbeidet i skulen. Samanhengen mellom verdiar, prinsipp og fagforsyning skal bli tydelegere (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Prosessane rundt fornying av læreplanverket har starta, og nye læreplanar skal setjast i verk i 2020.

Trass i at fornyinga av Kunnskapsløftet ikkje skal setjast i verk før 2020, ser fylkesdirektøren det som naturleg og ha eit blikk på innhaldet i høyringsutkastet *overordna del – verdier og prinsipper* og *St.Meld 28* i utarbeidning av kriteriesett for hovudområdet undervisning/opplæring.

Erfaringar og utfordringar i Sogn og Fjordane



Grunnopplæringa i Sogn og Fjordane har gjennomgåande særslig gode resultat nasjonalt sett, og det skal vi vere stolte av! Likevel, med mål om å ha *den beste opplæringa* i landet, kan vi ikkje kvile på laurbæra, men må sjå oss sjølve i korta og finne dei satsingane som kan heve kvaliteten på opplæringa ytterlegare. Svaret finn vi i elevane si vurdering av undervisninga og i lærlingane si vurdering av fag- og yrkesopplæringa.

Undersøkingane opererer med ein skala frå 1 til 5, der 5 tyder høg verdi.

Elevundersøkinga

¹ Pedagog inkluderer også instruktør i bedrift

Elevundersøkinga 2016 viser at vi innanfor områda *vurdering for læring og motivasjon* har ein veg å gå. Illustrasjonane nedanfor samanliknar dei fire siste åra, og viser at Sogn og Fjordane ikkje har utvikla seg monaleg på områda *vurdering for læring og motivasjon* frå 2013 til 2016.



Tabellen nedanfor viser dei ulike spørsmåla elevane tek stilling til innanfor vurdering for læring. Delskåra syner at tilbakemeldingar og elevmedverknad har hatt lavast skår alle fire åra.

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?	3,9	4,0	4,0	4,0
Forklarer lærerne godt nok hva det legges vekt på når skolearbeidet ditt vurderes?	3,9	3,9	4,0	4,0
Forteller lærene deg hva som er bra med arbeidet du gjør?	3,7	3,8	3,8	3,8
Snakker lærerne med deg om hva du bør gjøre for å bli bedre i fagene?	3,5	3,6	3,6	3,7
Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?	3,2	3,3	3,3	3,4
Får du være med og foreslå hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?	2,8	2,9	2,9	2,9
Får du være med og vurdere skolearbeidet ditt?	2,6	2,7	2,7	2,8
Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget	3,2	3,3	3,3	3,4

Sogn og Fjordane fylke, Videregående skole, Elevundersøkelsen, Vurdering for læring, Alle eierformer, Vg1, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

På området *motivasjon* vurderer elevane eiga haldning til skolearbeidet lågast. Sjå tabellen for delskår nedanfor.

- Motivasjon

[Tilbake](#)
[Last ned data](#)
[Hjelp til tolkning](#)
[Indikatorveiledning](#)

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Er du interessert i å lære på skolen?	4,2	4,2	4,2	4,2
Hvor godt liker du skolearbeid?	3,5	3,5	3,5	3,5
Jeg gleder meg til å gå på skolen	3,7	3,9	3,8	3,9

Sogn og Fjordane fylke, Videregående skole, Elevundersøkelsen, Motivasjon, Alle eierformer, Vg1, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

Lærlingundersøkinga

På området *skolen som forberedelse* ser vi at lærlingane i for liten grad opplever undervisninga i fellesfaga som relevant og tilpassa yrkesopplæringa, noko som kan føre til at dei mister motivasjon for å lære i desse faga.


- Skolen som forberedelse

[Tilbake](#)
[Last ned data](#)
[Hjelp til tolkning](#)
[Indikatorveiledning](#)

Delskår	2014-15	2015-16	2016-17
Undervisningen i fellesfagene (norsk, engelsk, matematikk, osv.) var tilpasset faget mitt	3,0	3,1	3,2
Undervisningen i yrkesfagene ga et godt grunnlag for det jeg skulle lære i lærebedriften	3,5	3,5	3,6
Utstyret vi brukte på skolen var oppdatert og i god stand	3,3	3,4	3,4
Utstyret vi brukte på skolen var i god nok stand for å lære fagene	3,7	3,8	3,7
Lærerne mine hadde god innsikt i det jeg skulle møte i læretiden	3,7	3,8	3,7
Praksisen på skolen var relevant for opplæringen i arbeidslivet	3,7	3,8	3,8

Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Skolen som forberedelse, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

Tabellane nedanfor viser at lærlingane i relativt liten grad får delta i planlegging og vurdering av eige arbeid, og at det er eit utviklingspotensiale innanfor området *løpende faglig veiledning*.




- Medvirkning

[Tilbake](#)
[Last ned data](#)
[Hjelp til tolkning](#)
[Indikatorveiledning](#)

Delskår	2014-15	2015-16	2016-17
Deltar du aktivt i planlegging og vurdering av arbeidet ditt? (§3-12)	3,4	3,5	3,4
Tar arbeidsgiveren hensyn til dine synspunkt når dere planlegger opplæringen? (§3-12)	3,5	3,6	3,5


Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Medvirkning, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram



Delskår	2014-15	2015-16	2016-17
Får du tilbakemelding fra instruktøren/veilederen eller lederen din? (§3-11)	3,5	3,8	3,7
Får du tilbakemelding fra kollegaene dine? (§3-11)	3,7	3,8	3,7
Gjør tilbakemeldingene at du forstår hvordan du kan bli bedre i faget? (§3-11)	3,9	4,0	3,9

Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Løpende faglig veiledning, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

Halvårssamtala er ein viktig del av rettleiinga lærlingen treng for å vite kvar han er i høve til opplæringsplanen sin, og kva og korleis han skal jobbe vidare mot fagprøva. Denne samtale til liks



- Halvårssamtalen

[Tilbake](#)

[Last ned data](#)

[Hjelp til tolkning](#)

[Indikatorveileddning](#)

Delskår	2014-15	2015-16	2016-17
Hvor ofte har du planlagte samtaler med instruktør/veileder, faglig leder eller andre hvor dere går igjennom opplæringsplanen og status for opplæringen?	2,7	2,9	2,9


Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Halvårssamtalen, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

med jamlege framovermeldingar er og viktig for at lærlingen skal få god nok kunnskap om kva som er kravet til fag-/sveineprøva; sjå området *kunnskap om fag- og sveineprøven*.

Samanfallande for Elev- og lærlingundersøkinga er at tilbakemeldingar og elevmedverknad bør få større merksemd i både eleven og lærlingen sitt læringsarbeid.

Kva seier forsking om hovudområdet?

Opplæringa sitt breie dannings- og kvalifiseringsoppdrag er å utvikle eleven og lærlingen sin kompetanse i høve faglege kunnskapar og ferdigheter, sosial og emosjonell læring og utvikling, haldningar, verdiar og etiske vurderingar (føremålsparagrafen, Opplæringsloven §1-1). Det tyder at pedagogen, i kvar einskild time, skal både danne og utdanne elevane og lærlingane.



- Kunnskap om fag- eller sveineprøven

[Tilbake](#)

[Last ned data](#)

[Hjelp til tolkning](#)

[Indikatorveileddning](#)

Delskår	2014-15	2015-16	2016-17
Vet du hva du skal kunne til fag-/sveineprøven?	3,6	3,8	3,7
Vet du hvordan fag-/sveineprøven skal gjennomføres?	3,5	3,6	3,5
Vet du hva som er kravet for å få karakterene «bestått» eller «meget godt bestått» til fag-/sveineprøven?	3,0	3,1	3,0

Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Kunnskap om fag- eller sveineprøven, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

I elev- og lærlingundersøkinga, skissert ovanfor, ser fylkesdirektøren sitt arbeidsutval at det er naudsynt å ha særleg merksemd på *vurdering for læring og motivasjon*. Utvalet har derfor lagt vekt på at effektiv tilbakemelding (formativ vurdering), tilpassa opplæring, deltaking i eige læringsarbeid og eigenvurdering har stor effekt på elevane og lærlingane sin motivasjon og sjølvbilete (Assessment

Reform Group, 2002).

Framlegg til kriteriesett vil bli diskutert og grunngitt i lys av både forsking og erfaring. Til slutt vil kriteria bli drøfta opp mot kvalitetsperspektiva struktur-, prosess- og resultatkvalitet som skal ligge til grunn for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane, jamfør arbeidsdokument 1.

Arbeidsutvalet gjer framlegg om at fylgjande kjenneteikn vert lagt til grunn for utvikling av mål og strategiar for kjerneområdet undervisning/opplæring:

Opplæringa skal ha tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering og eleven og lærlingen skal oppleve eit læringsarbeidet som:

- er tilpassa den einskilde sine føresetnadar slik at alle opplever meistring
- er variert i metodeval og relevant for samfunns- og yrkesliv
- har tydeleg leiing
- gjennom modellering og framovermeldingar viser klare forventningar til elevane og lærlingane sine prestasjonar
- set eleven og lærlingen i stand til å vere sjølvregulerande i eige læringsarbeid
- er tufta på gode relasjonar med lærar

Å lære noko grundig og med god innsikt og forståing krev aktiv deltaking i eigne læringsprosessar, bruk av læringsstrategiar og evne til å vurdere eigen meistring og framgang. For at elevane og lærlingane skal kunne vurdere si eiga læring, må dei vite kva som er målet for læringa, kva som er forventa læringsutbytte og kva metodar som er føremålstenlege for å nå målet. Dette krev at opplæringa viser ein tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.

Mål, innhald, arbeidsmåtar og vurderingsmåtar skal passe saman og vere **tilpassa kvar ein skild elev og lærling sine føresetnadar slik at han eller ho opplever meistring**. Skulen og bedrifa skal utvikle eleven sin kompetanse og læring, og Meld.St.28 definerer kompetanse som fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta og kompetanse i å utforske og skape. Måla må gje rom for at alle får ta ut sitt potensiale og vere medverkande i både utvikling og vurdering av eige læringsarbeid.

I høyringsutkastet til *Overordnet del – verdier og prinsipper*, side 10, står det at:

*Kompetanse utvikles gjennom refleksjon og faglig fordypning som skolen må gi rom for.
Skolen skal tilrettelegge for dybdelæring slik at elevene over tid utvikler forståelse av sentrale ideer og sammenhenger innenfor et fag, og slik at de lærer å bruke faglige kunnskaper og ferdigheter på relevante, kreative og kyndige måter.*

I Meld.St. 28 står det mellom anna at i arbeid med fag skal elevane øve på å bruke kunnskapar og ferdigheiter på ulike måtar, slik at dei kan meistre faglege utfordringar, både individuelt og i samspel med andre. I dette perspektivet må pedagogen gjere eleven/lærlingen bevisst på ulike val i læringsprosessen. Ho må presentere **varierte metodar** og organiseringsmåtar og gi tilgang til ulike læringsressursar som er **relevante for samfunns- og yrkesliv**. Eit så strukturerert læringsarbeid krev ei **tydeleg leiing** slik at både pedagog og elev og lærling har merksemda på mål, innhald og prosessen i

opplæringa. Det fordrar at pedagogen må vere godt budd, og at dei ulike fasane i opplæringa må ha ein tydeleg start og ei oppsummering knytt til eleven si læring (Michael Schelde, 2004).

Albert Bandura, mest kjent for teorien om sosial læring, har vidareutvikla teorien om menneska si forventning om å meistre, basert på prinsippa frå sosial læringsteori. Han meiner at ein person sine forventningar er sentrale for motivasjon. Bandura nyttar omgrepene "self-efficacy", meistringsforventning, og viser til verdien av å ha tru på eiga læring (Imsen: Elevens verden 1998). **At pedagogen gjennom modellering og gode framovermeldingar viser klare forventningar til elevane og lærlingane sine prestasjonar** er svært viktig for deira meistringsforventningar. Forsking viser at systematiske framovermeldingar kan auke læringsutbyte med mellom 70 og 100 %! (Henning Fjørtoft med referanse til Black og William 2002, i Slemmen 2009). Viktig for motivasjon og eleven si lærelyst er at framovermeldingane set **eleven og lærlingen i stand til å vere sjølvregulerande i eige læringsarbeid.** I Stortingsmelding nr. 11 står det at

«Forskning viser også at elevene er tjent med lærere som er tydelige ledere og har en læringsorientert vurderingspraksis. [...] Det er derfor viktig at lærere utvikler og kommuniserer tydelige mål for opplæringen og kjennetegn på måloppnåelse, legger til rette for elevenes egenvurdering og gir tilbakemeldinger som elevene kan lære av»
(Kunnskapsdepartementet, 2009, s. 13).

Meistringsforventningar er viktige for kva slags aktivitetar elevane og lærlingane vil kaste seg ut i, og kor mykje energi dei er villige til å investere for å oppnå større djupnelæring. Djupnelæring handlar om læringsprosessar som gir framovermeldingar og utfordringar tilpassa fagleg utvikling, og som let elevane og lærlingane få tid til å fordjupe seg. Det har og stor tyding at dei reflekterer over si eiga læring og får hjelp til å forstå samanhengar (Meld.ST.28).

Har elevane og lærlingane liten tru på at dei vil greie oppgåva, blir innsatsen relativt lunken. Dess betre tru dei har på resultatet, dess meir energi set dei inn. Bandura, til liks med Hattie (2012), peikar på at **gode relasjonar mellom pedagog og elevar** er særskilt viktig. Elevane og lærlingane skal kjenne meistringskjensle gjennom å få direkte støtte og oppmuntring i læringsarbeidet sitt (Imsen: Elevens verden 1998).



Kvalitetsperspektivet

Skulen og lærebodrifa sin kjerneaktivitet er å fremje læring, og i kva grad kvar einskild elev og lærer når maksimal fagleg, sosial og personleg læring i høve sine føresetnadnar bestemmer kor høg resultatkvaliteten til skulen og lærebodrifa er. Kvar elev og lærer skal nå sitt maksimale læringsutbytte innanfor både kunnskapar, ferdigheter og haldninga.

Alle som arbeider med opplæring veit at gode resultat krev gode strukturar. Til opplæringa treng ein gode fysiske og sosiale rammer, føremålstenleg utstyr, vaksne med høg fagleg- og sosial kompetanse og god leiarkompetanse hjå den som skal leie læringsarbeidet. Mange og omfattande forskningsresultat trekker fram pedagogen sin relasjon til elevar og lærlingar som ein særskilt viktig og vesentleg del av det å leie eit læringsarbeid. Det tyder at pedagogen, i tillegg til høg fagleg kompetanse, må ha høg prosesskvalitet slik at ho skapar gode vilkår for læringsarbeidet.

Fylkesdirektøren sitt framlegg til kriteriesett

Fylkesdirektøren har med utgangspunkt i erfarings - og forskingsbasert kompetanse, vist ovanfor, framlegg om eit kriteriesett som krev tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.

Eleven og lærlingen skal oppleve eit læringsarbeid som

- er tilpassa den einskilde sine føresetnadar slik at alle opplever meistring
- er variert i metodeval og relevant for samfunns- og yrkesliv
- har tydeleg leiing
- gjennom modellering og framovermeldingar viser klare forventningar til elevane og lærlingane sine prestasjoner
- set eleven og lærlingen i stand til å vere sjølvregulerande i eige læringsarbeid
- er tufta på gode relasjonar med pedagog



Notat

Arbeidsdokument 3

Dato
LEIKANGER, 01.05.2017

Til: Styringsgruppa

Frå: Fylkesdirektøren si arbeidsgruppe

Bakgrunn

I møte 30.03.2017 hadde styringsgruppa kriteriesettet for kjerneområdet **Leiing** opp til vurdering og bestemte desse kriteria for det vidare arbeidet med mål og strategidokumentet. I dette arbeidsdokumentet gjer arbeidsgruppa framlegg til kriterium for kjerneområdet fag- og yrkesopplæring.

Leiinga skal

- setje tydelege retning for læringsarbeidet
- byggje tillit og gode relasjonar internt og eksternt
- leie kollektive læringsprosessar
- utvikle delingskultur
- utvikle kunnskap og kompetanse

I dette arbeidsdokumentet gjer fylkesdirektøren framlegg til kriterium for kjerneområdet fag- og yrkesopplæring.

Framlegg til kriterium for kjerneområdet fag- og yrkesopplæring

Kvalitet i fagopplæringa er for det første at elevar og lærlingar får eit læringsutbytte slik det er skildra i opplæringslova og læreplanverket. For det andre skal elevar og lærlingar gjennomføre opplæringa med ein kompetanse som kvalifiserer for arbeid og aktiv deltaking i samfunnet. I Stortingsmelding nr. 19 (2009-2010:6) *Tid til læring* vert dei overordna måla for grunnopplæringa presiserte slik:

Regjeringens overordnede mål for grunnopplæringen er at alle elever skal gå ut av grunnskolen med grunnleggende ferdigheter, kunnskaper og holdninger som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv. Alle elever og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre videregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller arbeidslivet.

Opplæringa skal førebu dei unge til å ta på seg dei oppgåvane som høyrer arbeidslivet og samfunnslivet til og må difor ha tett samarbeid med samfunnet rundt. Elevar og lærlingar skal ha innsyn i, og bli førebudd til aktivt å ta del i yrkesliv, kulturliv og politikk.

Fag- og yrkesopplæring skal gje tilgang til dagens arbeids- og samfunnsliv, og evne til å meistre raske endringar i omgjevnadane og ei ukjent framtid.

1. Fag- og yrkesopplærings sine kjerneoppgåver

Fag- og yrkesopplæring leiar fram til fagprøve i handels- og industrifaga og sveineprøve i handverksfaga, eller anna fagkompetanse. Hovudmodellen byggjer på eit fireåring opplæringsløp; to år i skule og to år i bedrift.

Gode fagarbeidrarar er ein føresetnad for eit berekraftig og velfungerande samfunns- og arbeidsliv i tida framover. Opplæringa skal legga til rette for at lærlingen utviklar sin personleg danning og medverkar til fellesskapet på ein meiningsfull måte.

Fylkesdirektøren har avgrensa arbeidsdokumentet om for fag- og yrkesopplæringa til å omtala kriteriesett for overgangen grunnskule – vidaregåande og vg2 - lære.

For å ivareta lærlingen sine rettar til å fullføre opplæringa har utdanningsmyndighetene, arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane fornya samfunnskontrakten.

Samfunnskontakten har som mål at alle kvalifiserte søkerar skal få læreplass.

Innsatsområda i samfunnskontrakten er:

- Det skal etablerast lokale nettverk for å skaffe fleire læreplassar
- Det skal rekrutterast fleire lærebedrifter for å skaffe fleire læreplassar

I Sogn og Fjordane startar om lag 52 prosent av ungdomskullet på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Gjennomføring innan fag- og yrkesopplæringa er ei stor utfordring. Berre 63 prosent av elevane som startar fullfører og består på normert tid (5år), både nasjonal og lokalt (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Tabellen nedanfor viser ulike overgangar frå vg2 til vg3 både i Sogn og Fjordane og nasjonalt. Tala er i prosent.

Overgangen vg2 til vg3	Sogn og Fjordane	Nasjonalt
Til læreplass	44,7	36,2
Yrkeskompetansegevande løp-vg3	6,3	6,6
Påbygg	14,6	19,2
Til studiespesialiserande løp	2,8	6,4
Repetisjon på lågare eller same steg	8,1	7,3
Ute av vidaregåande opplæring citt år	18,0	21,6
Anna	5,2	2,6

2. Erfaringar og utfordringar i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane startar om lag 52 prosent av ungdomskullet på eit yrkesfagleg utdanningsprogram, men det er berre 44,7 prosent av elevane som har overgang til lære. (Årsrapport 2016, Sogn og Fjordane fylkeskommune). Trass i at dette er betre enn landsgjennomsnittet (36,2) treng ein fleire fagarbeidrarar, og arbeidet med å få fleire til å fullføre ei fagutdanning må starte allereie i grunnskulen.

Samfunnskontrakten seier at alle kvalifiserte søkerar skal få tilbod om læreplass, noko som er ei utfordring både nasjonalt og lokalt. Utfordringa kan vere at elevar gjer andre val enn lære, ikkje er kvalifiserte, ikkje får læreplass der dei ønskjer eller i det faget dei ønskjer.

Fylkesdirektøren har lagt klare føringer for at dei vidaregåande skulane skal ta større ansvar i høve formidlingsprosessen og overgangen frå skule til opplæring i bedrift. Til dømes skal skulane skal arbeide systematisk for å oppretthalde og etablere nye samarbeidsavtalar.

Føremålet med faga arbeidslivsfaget og utdanningsval i grunnskulen og yrkesfagleg fordjuping (YFF) i vidaregående skule er å gjere eleven kjent med arbeidslivet, og gje lokalt arbeidsliv høve til å påverke innhaldet i opplæringa. Berre om lag 50 prosent av lærlingane seier at YFF-faget er medverkande til at dei skaffar seg læreplass. Dette tilseier at YFF-faget i større grad kan nyttast til både å gi elevane relevant arbeidserfaring og opprette kontakt med aktuelle næringar.

Kva seier erfaring og statistikk om fag- og yrkesopplæringa?

I fortsetjinga gjer arbeidsutvalet framlegg om kriterium for fag- og yrkesopplæringa og grunngjer desse med erfaringsbasert kunnskap og statistikk. Samtidig vil vi drøfte dei i lyset av kvalitetsperspektiva, prosess, struktur og resultat, omtala i Arbeidsdokument 1.

Fylkesdirektøren har framlegg om at følgjande kriterium vert lagt til grunn for utvikling av mål og strategiar for kjerneområde fag- og yrkesopplæring.

Skulen skal

- sette eleven i stand til å nå ein sluttkompetanse
- styrke samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i heile opplæringsløpet
- prioritere bygging av, og arbeid med, lokale nettverk

Bedrifta skal

- ha høg kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder
- gje opplæringa av lærlingar og lærekandidatar med høg kvalitet

Skulen skal sette eleven i stand til å nå ein sluttkompetanse og må ha klare mål for å styrke det fireårige opplæringsløpet.

Mange elevar erfarer overgangfasar i skulen som brot mellom ulike lærings- og arbeidsmåtar, og det bør i større grad bli lagt til rette for at elevane kan utforske sine interesser, motivasjon og identitet mot ei yrkesfagleg utdanning i heile skuleløpet (Sandal 2014).

God strukturkvalitet i skule og bedrift er avgjerande for at alle elevar har høve til å skaffe seg læreplass og kan nå ein sluttkompetanse. I dette arbeidet er ein avhengig av mange aktørar som har både kunnskap, ferdigheter og haldningars til å samhandle.

Skulen har eit særskilt ansvar for at **samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i heile opplæringsløpet** vert styrka. Erfaringar viser at aktørane sine haldningars, saman med tverrfagleg kunnskap og god informasjon, er nøkkelen som kan medverke til å løyse overgangsproblematikken. Overgangsproblematikk krev høg system- og prosesskvalitet både frå eit system- og individperspektiv.

I møte med utdanningssystemet sin struktur kan behovet for utforsking og utprøving av eigne interesser, identitet og sosiale relasjonar skape spenningar og utfordre både elevane og utdanningssystemet» (Sandal 2014).

Overgangen mellom skule og bedrift krev system og systemisk arbeid over tid, og YFF-faget skal innrettast mot dette.

Eit av innsatsområda i samfunnskontakten **er bygging av, og arbeid med, lokale nettverk** for å skaffa fleire læreplassar. Skulen har ei sentral rolle for å styrke samarbeidet mellom skulane, næringsliv og opplæringskontor og byggja vidare på allereie etablerte samarbeid lokalt og regionalt. For å oppnå gode resultat i lokale nettverk er forankring på leiarnivå viktig. Felles mål og strukturar, kunnskap om og ferdigheter til å etablere og følgje opp nettverksarbeidet er system- og prosesskvalitetar som gir resultat.

Bedriftene er ein sentral aktør for at lærlingen skal kunne nå ein sluttkompetanse. Mål for opplæring og kjenneteikn på måloppnåing er viktig for at lærlingen skal kunne

vurdere eige læringsarbeid. Dette er viktige verktøy når fagleg leiar og instruktør skal gi tilbakemeldingar som motiver lærlingen, aukar lærelyst og læringsutbytte.

Det er såleis viktig med **høg kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder** som skal gje den daglege undervegsvurderinga, halvårssamtalane og sluttvurderinga ved fag-, sveine- og kompetanseprøve.

Eit godt læringsmiljø for den einskilde lærling vil vere avgjerande for læringsutbytte. Det vil derfor vera viktig at lærlingen blir teken godt vare på og integrert i arbeidsmiljøet i bedrifta, og at ein har syn for det «heile menneske» gjennom heile læretida. I dette arbeidet har skuleeigar eit særleg ansvar for at bedrifta følgjer opp og sikrar at **opplæringa av lærlingar og lærekandidatar** er i samsvar med lov og regelverk.

Framlegg til kriteriesett frå fylkesdirektøren til styringsgruppa

Fylkesdirektøren har med utgangspunkt i erfarings - og forskingsbasert kompetanse, vist ovanfor, framlegg om eit kriteriesett som krev både struktur og gode prosessar slik at fleire fullfører ei fagutdanning.

Skulen skal

- sette eleven i stand til å nå ein sluttkompetanse
- styrke samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i heile opplæringsløpet
- prioritere bygging av, og arbeid med, lokale nettverk

Bedrifta skal

- ha høg kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder
- gje opplæring av lærlingar og lærekandidatar med høg kvalitet

**Sakshandsamar:**

Sissel Espe

E-post: Sissel.Espe@sfj.no

Tlf.: 48152638

Vår ref.

Sak nr.: 16/8145-13

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

9892/17

Dykkar ref.

Notat

Arbeidsdokument 2

Dato

LEIKANGER, 07.03.2017

Til: Styringsgruppa for «Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021»

Fra: Arbeidsutvalet

Framlegg til kriterium for kjerneområdet leiing

1. Leiinga sine kjerneoppgåver

Fylkesrådmannen sitt kriteriesett skal ligge til grunn for all leiarpraksis i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Ein god leiar i fylkeskommunen:

- sikrar kvaliteten på tenestene
- er aktiv i å utvikle og å gjennomføre mål og strategiar
- er utviklingsorientert og legg til rette for kreativitet, kompetanseutvikling og nytenking
- utviklar og gjennomfører likestillingstiltak i samsvar med handlingsplan for likestilling
- støttar medarbeidarar og kollegaer
- motiverer gjennom involvering, rettleiing og tilbakemelding
- utviklar ansvarskjensle og sjølvstende
- legg vekt på mangfold, samarbeid og fleksibilitet
- skapar eit ope, romsleg og forsvarleg arbeidsmiljø
- arbeider for heilskapsløysingar
- forvaltar tildelte ressursar godt

(Sogn og Fjordane fylkeskommune, kriterium for god leiarpraksis, 2016)

Skulen sin kjerneaktivitet er læring, og pedagogisk leiing er å legge til rette for læring for alle i organisasjonen. Forsking viser at rektor sine forventningar er ein føresetnad for å få gode resultat og for å skape eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Skuleleiinga må omsetje nasjonale og fylkeskommunale mål til lokale mål for skulen, slik at kvar enkelt elev skal få ta ut lærings- og danningspotensiale sitt.

2. Erfaringar og utfordringar i Sogn og Fjordane.

Administrative oppgåver tek stor del av leiingsressursen. Erfaringar viser at det er nødvendig å ha ein god struktur på leiaroppgåvene og tilstrekkeleg med ressursar til leiing, slik at det blir rom for pedagogisk utviklingsarbeid.

For at eit pedagogiske utviklingsarbeidet skal gi heile skulen eit løft må det gjennomførast med heile kollegiet (Fullan, 2014). Kollektive læringsprosessar er krevjande og det er derfor viktig at dei involverte er motiverte. Leiinga må vere lokomotiv og bane veg gjennom å legge til rette for ein

lærande samarbeidskultur og skape gode relasjoner. Dette er utfordrande fordi ein heile tida er i spenningsforholdet mellom driftsoppgåver og utvikling og mellom individuelle og kollektive tilpassingar.

3. Kva seier forskinga om kva type leiing som verkar?

Det er forska mykje på kva type leiing som gir gode læringsresultat for elevane. Arbeidsutvalet har valt å først presentere to teoriar som viser kva som skal til for å få gode presterande skular. Vidare gjer arbeidsutvalet framlegg om kriterium for leiing og knyter ulike teoriar til dei. I tillegg drøftar vi kriteriesettet i lys av kvalitetane omtala i arbeidsdokument 1; strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet.

Hargreaves og Fullan (2012) hevdar at å skape ein betre skule er eit spørsmål om å utvikle lærarane sin profesjonelle kapital med utgangspunkt i skulen som organisasjon. Dei legg vekt på at høgt presterande skular og skulesystem er kjenneteikna av ei profesjonsgruppe som kollektivt er i kontinuerleg utvikling. Kollektive prosessar er krevjande og tek tid, men skal ein lukkast må skulen sine satsingar syne stor grad av kollektiv erfaringsutveksling og eigenvurdering, refleksjon og utprøving av ny praksis.

Viviane Robinson (2014) peikar på fem hovudoppgåver som skuleleiinga ved godt presterande skular er gode på:

- å setje mål
- å bruke ressursar strategisk
- å sørge for undervisning av høg kvalitet
- å leie lærarar si læring og utvikling
- å sørge for eit velordna og trygt miljø

Ho seier vidare at det er tre viktige leiarferdigheiter som er synlege på skular som presterer slik:

- å bruke relevant kunnskap
- å løyse komplekse utfordringar
- å bygge tillitsrelasjoner

Arbeidsgruppa har framlegg om at fylgjande kriterium vert lagt til grunn for utvikling av mål og strategiar for kjerneområdet leiing.

Leiinga skal

- setje tydeleg retning for læringsarbeidet
- byggje tillit og gode relasjoner
- leie kollektive læringsprosessar
- utvikle delingskultur
- utvikle kunnskap og kompetanse

Viviane Robinson seier at det er viktig at leiing har klare mål og **set tydeleg retning for læringsarbeidet**. Hernes (2010) peikar på at skular med stort administrativt ansvar må få ressursar nok til at rektor kan vere leiar av heile skulen sitt læringsmiljø med elevane si læring og resultat for augtet. Ein god strukturkvalitet legg grunnlaget for å kunne ha gode prosessar om ein skal lukkast med arbeidet.

Eit godt læringsmiljø er avhengig av **tillit og gode relasjoner**, og skuleleiinga er svært viktig for korleis relasjonane utviklar seg. Her er rektor si rolle heilt sentral. I eit læringsmiljø med høg prosesskvalitet er rektor støttande og involvert i skulekvardagen, samt genuint interessert i å fremje profesjonalitet og fagleg utvikling (Federici og Skaalvik, 2013). Det er rektor sitt ansvar å følgje opp med tiltak for å endre praksis når skulen ikkje når forventa resultat.

Hargreaves og Fullan (2012) seier at vellukka strategiar for å endre skulen sin praksis, er i sterke grad knytt til kollegial erfaringsutveksling, refleksjon og utprøving av ny praksis. Det er gjennom kollektiv utvikling skulen utviklar ein god organisasjon som understøttar kvalitetsutvikling av undervisning og læring (Irgens, 2010). Å **leie kollektive læringsprosessar** føreset at leiar identifiserer tydlege innsatsområde og har høge forventningar til at den enkelte lærar arbeider kontinuerleg og aktivt med eigenvurdering (Roald, 2012). Ein lærande organisasjon er definert som «organisasjoner der mennesker videreutvikler sine evner til å skape de resultater som de egentlig ønsker, der nye og ekspansive tenkemåter blir oppmuntret, der kollektive ambisjoner får fritt utløp og der mennesker blir flinkere til å lære i fellesskap» (Senge, 2006, s. 3).

For at ein kollektiv læringsprosess skal gi resultat må leiarane samspele med dei ulike aktørane slik at prosesskvaliteten vert høg. Kollektive læringsprosessar er prega av ein **positiv delingskultur** som **utviklar kunnskap og kompetanse** i organisasjonen, og sikrar ei vedvarande utvikling (Aas,

2013). Resultatkvaliteten er overordna fordi han viser skulen sitt formål; faglege, sosiale og personlege læringsutbytte - det ein vil oppnå med det pedagogiske arbeidet.

4. Oppsummering og konklusjon


Det kan ikkje bli varig utvikling utan kvalitetsorientert leiing som held fast ved utviklinga til ho sit i organisasjonen sin «ryggmarg». God struktur og tilstrekkeleg med ressursar til leiaroppgåvene gir rom for pedagogisk utviklingsarbeid. Strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet er gode målereiskap. Det vert ikkje god prosesskvalitet utan god strukturkvalitet, og god prosess- og strukturkvalitet ligg til grunn for gode resultat.

Framlegg til kriteriesett frå arbeidsgruppa til styringsgruppa

Arbeidsgruppa har med utgangspunkt i erfarings- og forskingsbasert kompetanse, vist ovanfor, framlegg om at følgjande kriterium vert lagt til grunn for utvikling av mål og strategiar for kjerneområde leiing:

Leiinga skal

- setje tydelege retning for læringsarbeidet
- byggje tillit og gode relasjoner
- leie kollektive læringsprosessar
- utvikle delingskultur
- utvikle kunnskap og kompetanse



Notat

Arbeidsdokument 1

Dato

LEIKANGER, 16.03.2017

Til: Styringsgruppa for arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring

Frå: Fylkesdirektøren sitt arbeidsutval

Bakgrunn, grunnlag og prosess for arbeid med nye mål og strategiar

1. Bakgrunn

Inneverande mål og strategidokument, *God-betre-best!*, vart vedteke i fylkestinget i april 2012 og prolongert ut 2017 i fylkesutvalsak 18/2015.

I vedtaket til HO-sak 31/2016 vart mandatet for arbeidet med nye mål og strategiar for perioden 2018 - 2021 gitt. I vedtaket står det også at det skal **utarbeidast eit kriteriesett for kvaliteten på opplæringa** på følgjande tre kjerneområde:

- leiling
- fag og yrkesopplæring
- undervisning

Kriteriesettet skal danne grunnlaget for nye mål og strategiar, og dei nye måla og strategiane skal gi rammer, retning og verdigrunnlag for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane.

2. Grunnlag

Kvalitet i grunnopplæringa

Formålsparagrafen (opplæringslova §1.1) formulerer verdiane som opplæringa skal realisere. Paragrafen har utviklinga til den enkelte elev som mål, og klargjer samtidig allmenne verdiar som samfunnet vårt bygger på. Saman med læreplanverket inneheld formålsparagrafen dei breie og samansette måla for elevane si utvikling gjennom skuleløpet.

I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008:7) *Kvalitet i skolen* vert kvalitet på opplæringa definert slik:

Samfunnet har gitt grunnopplæringen et omfattende mandat som konkretiseres i formålsparagrafen for grunnopplæringen, den øvrige delen av opplæringsloven og forskriftene, herunder læreplanens generelle del, prinsippene for opplæringen og læreplanene i fag. Kvaliteten i grunnopplæringen kjennetegnes av i hvilken grad de ulike målene for grunnopplæringen i samfunnsmandatet faktisk virkelig gjøres.

Vurdering av kvaliteten i grunnopplæringa

Kunnskapsløftet (2006) var ei gjennomgripande reform av grunnopplæringa i Noreg. Reforma fornya prinsipp for nasjonal styring, innførte nytt gjennomgående læreplanverk og kom med nytt kvalitetsvurderingssystem

Utdanningsdirektoratet forklarer kvalitetsvurderingssystemet slik:

Arbeidet med kvalitet er en kontinuerlig prosess. Prosessen består av at man gjør vurderinger som følges opp med justeringer og nye mål. Prosessene krever involvering og dialog både innad i egen virksomhet og oppover eller nedover i systemet.

Den sirkulære fremstillingen vektlegger betydningen av å se arbeidet med kvalitet som en sammenhengende og gjentagende prosess mellom vurderingsinformasjon, analyse, fastsetting av mål, planlegging av endret praksis, gjennomføring – og oppfølgende vurdering av hvilke resultater endret praksis gir.

Et helhetlig kvalitetsarbeid er ikke mulig uten aktiv og vedvarende innsats fra skoleeiere og skoleledere. Nasjonale og lokale kvalitetsvurderinger gir i utgangspunktet et verdifullt kunnaksgrunnlag for den enkelte skole, kommune og fylkeskommune. Men verdien av dette kunnaksgrunnlaget er avhengig av hvordan man lokalt skaper helhet og sammenheng mellom ulike faser og aktører i kvalitetsarbeidet.

Kvalitetsarbeid som får reell innvirkning på utvikling av praksis i opplæringen, kjennetegnes av flere viktige forhold

(Udir.no)

Ei utvikling av kvaliteten på vidaregåande opplæring skjer gjennom kollektiv kunnaksutvikling, der samhandling og meiningskaping er sentralt.

I 2016 kom *Melding til Stortinget 28, Fag – Fordypning – Forståelse* som inneholder ei fornying av fag og ei forbetring av læreplanverket innafor ramma av Kunnskapsløftet (2006). Meldinga vidarefører kvalitetsvurderingssystemet.

Kvalitetsperspektivet som ligg til grunn for arbeidet

For å avklare kva som skal ligge til grunn for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane har vi valt å bruke omgrepene strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet (NOU 2003:16 I første rekke; Ogden 2004). Resultatkvaliteten er overordna fordi han viser skulen sitt formål. Prosesskvalitet og strukturkvalitet er vesentlege føresetnader for at læring, danning og gjennomføring skal kunne finne stad (jamfør formålsparagrafen).

Strukturkvalitet

Strukturkvalitet skildrar ytre føresetnader som regelverk og nasjonale læreplanar, ressursar til opplæring og leiing, kompetanse, utstyr og fysiske rammer som til dømes bygg og funksjonaliteten til desse.

Prosesskvalitet

Prosesskvalitet er eit mål på dei indre aktivitetane på lærestaden, sjølv arbeidet med planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa. Det dreier seg om t.d. korleis elevar, lærlingar og pedagogisk personale ser på arbeidet sitt og samspelet mellom dei ulike aktørane og interessentane.

Resultatkvalitet

Resultatkvalitet er elevane og lærlingane sitt faglege, sosiale og personlege læringsutbytte - det ein vil oppnå med det pedagogiske arbeidet.

Resultatkvalitet måler i kva grad skulen når formålet om at kvar einskild elev skal nå sitt maksimale læringsutbytte innanfor både kunnskap, ferdigheter og haldningar. Ein skule er ikkje god om han har god struktur og gode prosesser om ein ikkje oppnår forventa resultatet. Såleis er det viktig at all prosess- og strukturkvalitet blir utvikla med eleven sitt læringsutbytte for auga.


3. Prosessen for arbeidsdokumenta

Arbeidsutval utarbeider arbeidsdokument med kriteriesett for kjerneområda. Dette vert drøfta med referansegruppa for å kvalitetssikre og få tilbakemeldingar.

Arbeidsutvalet legg arbeidsdokumenta fram for styringsgruppa, hovudutval for opplæring, som kan justere retninga på arbeidet.

Arbeidsutvalet har fylgjande plan for arbeidsdokumenta

- | | |
|-------|--|
| 29.03 | Arbeidsdokument 1, <i>Bakgrunn, grunnlag og prosess for arbeid med nye mål og strategiar</i>
Arbeidsdokument 2, <i>Framlegg til kriterium for kjerneområde leiing</i> |
| 11.05 | Arbeidsdokument 3, <i>Framlegg til kriterium for kjerneområde fag- og yrkesopplæring</i> |
| 30.05 | Arbeidsdokument 4, <i>Framlegg til kriterium for kjerneområde undervisning</i> |



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 26.10.2016

Sak nr.: 16/8145-3

Internt l.nr. 36319/16

Sak: 31/16

Tittel: Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2022

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Det vert sett i gang nytt strategiarbeid for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.
2. Arbeidet har følgjande mandat:

Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021. Det skal utarbeidast eit kriteriesett for kvaliteten på opplæringsa. Dette skal ta utgangspunkt i tre kjerneområde:

- o Profesjonell undervisning
- o Profesjonell leiring
- o Profesjonell fag og yrkesopplæring

Kriteriesettet skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar i dokumentet.

3. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i oktober 2017. Eit handlingsprogram for perioden 2018-2021 skal leggjast fram for hovudutval for opplæring til handsaming i november 2017.

Endringsframlegg:

Tore Storehaug (KrF) kom med forslag om å utvide referansegruppa med 1 representant frå universitets- og høgskulesektoren.

Hovudutvalet for opplæring kom med forslag om å stryke ordet profesjonell på dei tre kjerneområda i punkt 2.

Avrøysting:

Det vart røysta over tilrådinga frå fylkesdirektøren med hovudutvalet for opplæring sitt endringsframlegg opp mot fylkesdirektøren si tilråding med endringsframlegga frå hovudutvalet for opplæring og Tore Storehaug (KrF).

Fylkesdirektøren si tilråding med endringsframlegga frå hovudutvalet for opplæring og Tore Storehaug (KrF) fekk 4 stemmer og vart vedteke.
Tore Storehaug (KrF), Sonja Merethe Øvre-Flo (H), Gunn Åmdal Mongstad (Sp) og Anders Ryssdal (Sp) røysta for.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Det vert sett i gang nytt strategiarbeid for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.
2. Arbeidet har følgjande mandat:

Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021. Det skal utarbeidast eit kriteriesett for kvaliteten på opplæringa. Dette skal ta utgangspunkt i tre kjerneområde:

- o undervisning
- o leiing
- o fag og yrkesopplæring

Kriteriesettet skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar i dokumentet.

3. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i oktober 2017. Eit handlingsprogram for perioden 2018-2021 skal leggjast fram for hovudutval for opplæring til handsaming i november 2017.
4. Referansegruppa vert utvida med 1 representant frå universitets- og høgskulesektoren.